

Høyringsinnspel til samfunnsdelen av kommuneplanen frå Alversund Mållag, Meland Mållag, Ostereidet Mållag og Radøy mållag

MÅLLAGA har ikkje gjeve innspel til tidlegare versjonar, og set pris på dette høvet til å kommentera samfunnsdelen av kommuneplanen. Kommentara gjeld først og fremst hovudmål 3, “Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga”. Dette er eit kulturpolitisk utgangspunkt som mållaget/mållaga støttar fullt ut.

Målrørsla har alltid bygd arbeidet sitt på det prinsippet som er uttrykt i det eine av delmåla under dette hovudmålet: – “Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.”

MÅLLAGA ser det derfor som særst positivt at planutkastet framhevar språket som element i dette delmålet og såleis har gjort det til eit viktig vegval:

- *“Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål.”*

MÅLLAGA meiner likevel punktet kan gjerast noko klårare og meir presist. Me er klar over at formuleringane i ein slik plan må vera konsise, overordna og generelle, men dei bør likevel peika ut tydelege retningar. Me gjer derfor framlegg om justert ordlyd.

Endringsframlegg:

- *“Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og stimulere medvitet om lokal dialekt og talemål. Vi skal arbeide målretta med kvaliteten på skriftspråket og for eit klart språk i all kommunal verksemd.”*

Grunngjeving

I fellesfråsegna om kommunesamanslåing vart nynorsk fastsett som administrasjonsmål. Det er tilfredsstillande at planen tek konsekvensen av dette og vil følgja det aktivt opp, jf. “Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune”. Formuleringa “aktiv nynorskkommune” kan mellom anna tolkast som at kommunen ønskjer å styrkja bruken av nynorsk kvantitativt, og det er vel òg intensjonen.

Den andre delen av punktet kan derimot oppfattast som litt vagt og uspesifikt. Kva ligg det i å “jobbe målretta med”? Gjeld det kvantitet og bruk av språket, eller kvalitet? Gjeld punktet kommunen sin eigen språklege produksjon, eller gjeld det tilrettelegging av språkbruken mellom innbyggjarane, t.d. når det gjeld skulemålet?

Skrift og tale ligg heller ikkje på same nivå. Kommunen kan leggja til rette for bruk eller ikkje bruk av skriftspråk, men ikkje på same måte for talemål og dialekt – der rår språkbrukarane (innbyggjarane) sjølve. Det kommunale språkarbeidet kan likevel rettast inn mot å skapa gode haldningar og trygge språkbrukarar, særleg mellom skuleelevar.

Planframlegget knyter kulturvernsvinsvinkelen til ei dynamisk samfunnsutvikling, men ein bør unngå å verka for tilbakeskodande. Ei dynamisk språkutvikling heng òg saman med kommunikasjonen med innbyggjarane – dette er ein del av det såkalla ‘generelle’ kulturomgrepet. MÅLLAGA etterlyser såleis ei formulering om klarspråk, særleg fordi Noreg frå 1.1.22 har fått ei språklov som forpliktar heile offentleg sektor. Paragraf 9 om “Klart språk” i språklova bør derfor visa att i det overordna

plangrunnlaget : – *“Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.”*

Dette kan òg byggja bru til hovudmål 4 i planutkastet, *“Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.”* Her er det ikkje sagt noko om språk, men klarspråk står sjølvsagt sentralt i ein slik kommunikasjonsstrategi. Det er ikkje nødvendig å seia det same to gonger, altså bør momentet klarspråk helst innarbeidast under punktet om språk under hovudmål 3.

Opplysningane er sende, referansenummeret ditt er: 67RADR